

Forskrift om skulereglar i grunnskulen i Samnanger kommune

Heimel:

Vedteke av kommunestyre i Samnanger kommune 20.02.2025 med heimel i lov av 9. juni 2023 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) § 10-7.

§ 1 Føremål

Grunnskulen i Samnanger har som visjon: *Ein god stad å vera og ein god stad å læra.*

Alle elevar har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø som skal fremja helse, inkludering, trivnad og læring. Skulereglar er eit verkemiddel for å nå målsetjingane, og skal klargjera elevane sine rettar og pliktar. Skulen skal samarbeida med elevar og føresette for å nå måla.

Vidare skal skulereglane visa kva for konsekvensar regelbrot medfører og kva for prosedyrar som vert følgd når slike saker skal handsamast.

Både elevar, tilsette og føresette har ansvar for å skapa eit trygt og godt skulemiljø prega av

- at me bryr oss om og inkluderer kvarandre
- at me omtalar kvarandre med respekt
- at me tek avstand frå mobbing, diskriminering, vald og hærverk

§ 2 Verkeområde

Skulereglane omfattar grunnskulen i Samnanger, og gjeld når skulen har ansvar for elevane, også når dei er i skulefritidsordninga (SFO). Dette inneber skuletid, leksehjelp og aktivitetar i skulen sin regi. Også dert som skjer i det digitale rom på skulen sitt interne nett, undervisningssystem, SMS/MMS eller liknande er omfatta av skulereglane.

Skulereglane gjeld også på skuleveg så langt skulen er gjort kjent med uregelmenterte tilhøve.

Skulen har ansvar for elevane på skulen sitt område og når dei har opplæring andre stader enn på skulen sitt område, som arrangement, leirskule, ekskursjonar m.m.

Barneskulen og ungdomsskulen sine skulereglar skal samsvara med forskrift om skulereglar, og kan ha utfyllande reglar tilpassa skulen sitt behov både for reglar og for konsekvensar/sanksjonar, avhengig av elevane sin alder og forståing. Alle rådsorgan ved skulen skal delta i utarbeidinga, og skulereglane skal vedtakast i SU (skulen sitt samarbeidsutval).

Skulereglane skal gjennomgåast kvart år ved skulestart for elevar, tilsette og føresette.

§ 3 Organisering av skuledemokratiet

Skulane skal ha eit elevråd, FAU (føresette sitt arbeidsutval), SU (samarbeidsutval) og SMU (skulemiljøutval). I skuledemokratiet skal elevar, tilsette og føresette medverka aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av skulereglane.

§ 4 Elevane sitt beste og elevane si rett til å bli høyr

Opplæringslova § 10-1: Det beste for eleven

Ved handlingar og avgjerder som skal handsamast etter denne forskrifta og som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven vera eit grunnleggjande omsyn.

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølv, og skulen skal ta i vare elevane sin rett til å bli høyrte i saker som gjeld dei.

§ 5 Elevane sine rettar

Alle elevar har rett til eit helsefremjande, inkluderande trygt og godt skulemiljø som skal fremja trivnad og læring. Elevane har rett til å bli handsama med respekt og omtanke av medelevar og vaksne på skulen. Alle som arbeidar på skulen skal følgja med på skulemiljøet og har ei aktivitetsplikt for å sikra skulemiljøet til kvar einskild elev.

Rektorane har saman med kontaktlærarane ansvar for at skulereglane vert gjort kjent for elevar og føresette kvart år ved skulestart. Skulereglane skal takast opp som tema i klassane kvart år innan utgangen av august og på første foreldremøte kvar haust. Alle trinn har eigne klassereglar.

§ 6 Reglar for orden

Elevane i grunnskulen i Samnanger skal bidra til god orden. Det er god orden å

- ha med læremiddel og naudsynt utstyr til skulen
- gjera skulearbeid innan gitte fristar
- møte presis til opplæring og avtalar
- halda orden i utstyr som vert brukt til opplæring
- bidra til å halda skulen sitt område reint og ryddig både inne og ute

§ 7 Reglar for oppførsel

Elevane i grunnskulen i Samnanger skal bidra til eit godt læringsmiljø gjennom god oppførsel

- visa omsyn og respekt for andre og for andre sine eigedelar
- opptre slik at ingen kjenner seg utsett for krenkingar og mobbing, rasistiske handlingar/ytringar og seksuell trakassering
- visa respekt for undervisninga og bidra til arbeidsro i timane
- visa nettvett og følgja reglar for bruk av digitale verktøy
- overhalda regelen om mobilregulerte klasserom og mobilfrie friminutt

Det er ikkje akseptert å

- utsetja andre for krenkjande ord eller handlingar som utestenging, mobbing, diskriminering, rasisme, vald eller truslar om vald
- ta med eller bruka vape, snus, tobakk, alkohol eller andre rusmiddel
- ta med eller bruka gjenstandar som kan skada personar, bygningar eller inventar
- forlata skulen utan å ha lov til det

§ 7-1 Reglar for bruk av digitale einheitar

Digitale einheitar som til dømes mobiltelefonar, Chromebook, datamaskinar, nettbrett, smartklokker etc., skal, uavhengig av stad, kun vere i bruk etter avtale med ansvarleg vaksen i alle aktivitetar i skulen sin regi.

Grunnskulen i Samnanger er mobilregulert og lokale skulereglar er retningsgjevande.

§ 8 Vurdering i orden og åtfærd

Forskrift til opplæringslova § 9-2: Formålet med og grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel

Formålet med vurdering i orden og i oppførsel er å fremje sosial læring, medverke til eit trygt og godt skolemiljø og gi informasjon om orden og oppførsel.

Skolereglane er grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel, jf. opplæringslova § 10-7. Orden heng saman med om elevane er punktlege og førebudde og følgjer opp arbeid. Oppførsel heng saman med om elevane viser omsyn og respekt for andre. Elevane skal vere gjort kjende med skolereglane.

Kjelde: Lovdata

Grunnlag for vurdering i orden er om eleven opptre i samsvar med § 6 i Forskrift om skulereglar i grunnskulen i Samnanger kommune.

Grunnlag for vurdering i oppførsel er om eleven opptre i samsvar med § 7 i Forskrift om skulereglar i grunnskulen i Samnanger kommune.

§ 9 Tiltak ved brot på reglar for orden og oppførsel

Ved brot på skulereglar skal skulen gjera vurderingar. Tiltak som vert sett inn skal vere saklege og lovlege, og alle tiltak skal ivareta at eleven forstår kva reglar som er broten.

A. Tilsette og kompetanse

Rektor tek avgjersle om bruk av tiltak.

Tilsette på skulen tek avgjersle innafor ramma av det mynde rektor har delegert.

Øvrig avgjersle om bortvising vert teken av rektor eller den som er peika på i rektor sitt fråvær.

B. Når skulen meiner det er naudsynt med tiltak, gjeld følgjande:

Eleven har alltid rett til å uttala seg til den som tek avgjersle før det vert teke stilling til tiltak.

Hendinga og regelbrotet må vera godt undersøkt og opplyst.

Skulen skal dokumentera grunnlag for bruk av alvorlege sanksjonar.

C. Einskildvedtak

Ved alvorleg regelbrot skal skulen følgja sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

D. Om bortvising

Opplæringslova § 13-1: Bortvising. Skulen skal etterleva regelverket og følgja prinsippet om mildaste inngrep: *Dersom det er tilstrekkeleg med mindre inngripande tiltak enn bortvising, skal ein bruke mindre inngripande tiltak.* (Merknadar frå Prop. 57 L til § 13-1).

E. Om rusmidlar og gjenstandar som er teke frå elevar

Elevar kan, på slutten av skuledagen, henta gjenstandar som er midlertidig teke frå dei.

Farlege gjenstandar, vape, tobakk, snus og alkohol skal leverast til føresette. Ulovlege rusmiddel og farlege gjenstandar skal leverast til politiet.

§ 10 Skadeverk

Ved hærverk eller skadeverk på skulen sin eigedom, skal føresette raskt og utan opphald få melding om dette. Det skal krevjast erstatning for skade. Større skade skal meldast til politiet. I Samnanger kommune er det rådmannen som har mynde til å melda til politiet.

Elevar skal ta god vare på PC, Chromebook og anna skulemateriell. Dersom nokon mistar eller skadar utstyr og materiell må dette erstattast. Kontrakt om PC og Chromebook gjeld om det er skade på dette.

§ 11 Iverksetjing

Denne forskrifta vart handsama i kommunestyret 20.02.2025 og gjeld frå 27.02.2025.

Forskifta vert revidert etter behov.